



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

TILSYNSRAPPORT

Skolen sitt arbeid
med elevane sitt utbytte av opplæringa
og skolebasert vurdering

Tysvær kommune

Tysværvåg barne- og ungdomsskule

03.01.2018

Samandrag

Fylkesmannen har gjennomført tilsyn med Tysvær kommune. Dette er eit Felles nasjonalt tilsyn som blir gjennomført i heile landet i perioden 2014-17.

Det er skoleeigar som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir haldne, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Skoleeigar er derfor adressat for tilsynsrapporten.

Denne tilsynsrapporten er endeleg.

Tema og føremål

Tilsynet handlar om skolen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa og inneheld tre område: Skolen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa, forvaltningskompetanse og skolebasert vurdering. Dette tilsynet har undersøkt det første og siste av desse områda. Våre undersøkingar er gjennomført på skolenivå ved Nedstrand barne- og ungdomsskule og Tysværåvåg barne- og ungdomsskule. Denne tilsynsrapporten gjeld ungdomstrinnet på Tysværåvåg barne- og ungdomsskule.

Regelverksbrot

I den førebelse tilsynsrapporten blei det avdekka brot på regelverket knytt til opplæringa i fag og undervegsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte. Vi fann at skolen ikkje har ein innarbeida framgangsmåte som sikrar at IOP blir sett i samanheng med den ordinære opplæringa. Vi fann også at lærarane i halvårsvurderingane ikkje gir elevane informasjon om deira kompetanse i faga og kva dei må gjere for å auke kompetansen sin.

På bakgrunn av tilbakemelding og ny dokumentasjon frå skolen, finn vi at lovbrota no er retta. Vi sluttar derfor av tilsynet med Tysværåvåg barne- og ungdomsskule.

Innhald

1	Innleiing	4
1.1	Kort om kommunen	4
1.2	Om gjennomføringa av tilsynet	4
1.3	Om tilsynsrapporten og tilbakemelding frå kommunen	5
Del 1	6
2	Skolen sitt arbeid med opplæringa i fag	6
2.1	Rettslege krav	6
2.2	Våre undersøkingar	7
2.3	Våre vurderingar og konklusjonar	8
3	Undervegsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte	9
3.1	Rettslege krav	9
3.2	Våre observasjonar	11
3.3	Våre vurderingar og konklusjonar	11
4	Undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning	12
4.1	Rettslege krav	12
4.2	Våre observasjonar	13
4.3	Våre vurderingar og konklusjonar	13
5	Vurdering av behov for særskilt språkopplæring	14
5.1	Rettslege krav	14
5.2	Våre observasjonar	15
5.3	Våre vurderingar og konklusjonar	15
Del 2	16
6	Skolebasert vurdering	16
6.1	Rettslege krav	16
6.2	Våre observasjonar	17
6.3	Våre vurderingar og konklusjonar	17
7	Ingen pålegg om retting	19
Vedlegg: Liste over dokumentasjon	20

1 Innleiing

Fylkesmannen fører tilsyn med offentlege skolar, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova kapittel 10 A.

I tilsynet kontrollerer vi om skolane oppfyller opplæringslova med forskrifter. Dersom Tysvær kommune og Tysværvåg barne- og ungdomsskule ikkje følgjer regelverket, kan vi påleggje retting etter at kommunen har fått ein frist for å rette.

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir gjennomførte, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Vi gir derfor eventuelle pålegg i tilsynet til kommunen som har ansvaret for at skolen rettar opp brot på regelverket.

Våre tilsyn er offentleg myndigheitsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentleglova.

1.1 Kort om kommunen

Tysvær er ein vekstkommune med ei sær sars ung befolkning og med eit desentralisert utbygd skole- og barnehagetilbod. Kommunen har 8 grunnskolar med til saman 1656 elevar. Det blei i 2015 gjennomført tilsyn på spesialundervisning. Dette tilsynet er avslutta. Vi har valt å gjennomføre dette felles nasjonale tilsynet på Nedstrand barne- og ungdomsskule og Tysværvåg barne- og ungdomsskule.

1.2 Om gjennomføringa av tilsynet

Fylkesmannen opna tilsyn med Tysvær kommune i brev datert 20.03.2017. De blei bedne om å levere dokumentasjon til oss. Vi har fått dokumentasjonen for å gjennomføre tilsynet.

Tilsynet har fokus på to områder:

1. Elevane sitt utbytte av opplæringa
2. Skolebasert vurdering

Del 1: Temaet for den første delen av tilsynet er retta mot kjerneverksemda i skolen: skolen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa.

Vi har kontrollert følgjande hovudpunkt:

1. Skolen sitt arbeid med opplæringa i fag
2. Undervegsvurdering for å auke eleven sitt utbytte av opplæringa
3. Undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning
4. Vurdering av behov for særskilt språkopplæring

Tilsynet skal bidra til at skoleeigar som ansvarleg sørgjer for at elevane:

- får kjennskap til og opplæring i måla som gjeld for opplæringa
- får tilbakemeldingar og blir involvert i eige læringsarbeid for å auke eige utbytte av opplæringa
- får vurdert kontinuerleg kva utbytte dei har av opplæringa

- blir følgt opp og får nødvendig tilrettelegging når utbytte av opplæringa ikkje er tilfredsstillande

Det overordna føremålet med tilsynet er å bidra til at alle elevar får eit godt utbytte av opplæringa. Vi har ikkje sett på korleis de oppfyller andre krav i regelverket.

Del 2: Det andre området i tilsynet handlar om skolebasert vurdering.

Skolebasert vurdering er skolen si jamlege vurdering av i kva grad eiga verksemd medverkar til å nå måla i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Dette betyr at skolen skal vurdere organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa. Det overordna føremålet med tilsynet er at skolebasert vurdering på denne måten medverkar til at elevane får et godt utbytte av opplæringa.

Tilsynet skal bidra til at kommunen som skoleeigar sørgjer for at skolen ved skolebasert vurdering

1. vel tema basert på ei brei og samla vurdering av om elevane når måla i læreplanverket
2. vurderer ulike endringar som kan bidra til auka måloppnåing og følgjer opp desse
3. sikrar brei medverknad i gjennomføringa
4. gjennomfører vurderinga jamleg

Manglande eller mangelfull gjennomføring av skolebasert vurdering kan føre til at skolen ikkje forbetrar si organisering, tilrettelegging eller gjennomføring av opplæringa for å auke elevane sitt utbytte av opplæringa.

I denne rapporten presenterer vi våre vurderingar og konklusjonar.

1.3 Om tilsynsrapporten og tilbakemelding frå kommunen

Våre vurderingar baserer seg i hovudsak på opplysningar som kjem fram i:

- dokumentasjonen de har sendt inn (sjå oversikt i vedlegg)
- informasjonen frå våre eigne system og offentlege register
- informasjonen på skolen sin nettstad
- intervju med elevar, lærarar og rektor ved skolen

Tysvær kommune fekk frist til å kommentere den førebelse tilsynsrapporten. Den 18.12.2017 mottok vi tilbakemelding på den førebelse tilsynsrapporten knytt til dei to varsla pålegga om brot på regelverket.

Det første lovbrøtet var knytt til at *Skolen har ikkje ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at IOP blir sett i samanheng med den ordinære opplæringa.* De viser her til at skriftlege rutinar i IOP-rettleiaren nå er endra og dei tilsette er informert om ny praksis via e-post og i møte.

Vi varsla også lovbrøt om at *I halvårsvurderingane gir ikkje lærarane elevane informasjon om deira kompetanse i faga og kva dei må gjere for å auke kompetansen sin.* Rektor viser her til at innarbeidd praksis ikkje kom fram i *Årshjul for sjekk av læringsutbyte.* Denne er no endra i samsvar med lovkravet og informert om i personalet.

Vi har fått tilsendt dokumentasjon og rutinar som sannsynleggjer at skolen har retta lovbrota, og vi legg til grunn at Tysværvåg barne- og ungdomsskole nå arbeider i samsvar med regelverket.

Del 1

2 Skolen sitt arbeid med opplæringa i fag

2.1 Rettslege krav

Nedanfor har vi oppgitt dei rettslege krava for tilsynet med skolen sitt arbeid med opplæringa i fag. Vi viser også til kva reglar i opplæringslova og forskrift til opplæringslova krava er knytte til.

Rektor skal sikre at innhaldet i opplæringa er knytt til kompetansemål i faget

Undervisningspersonalet skal leggje til rette og gjennomføre opplæringa etter Læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK06), jf. opplæringslova § 2-3 og forskrift til opplæringslova § 1-1. Det betyr at opplæringa skal ha eit innhald som byggjer på kompetansemåla i læreplanen og bidrar til at desse blir nådd. Rektor må organisere skolen slik at dette blir ivaretatt, jf. opplæringslova § 2-3.

Rektor skal sikre at undervisningspersonalet ivaretar eleven sin rett til å kjenne til mål for opplæringa og kva som blir vektlagt i vurderinga av eleven sin kompetanse.

Undervegsvurdering skal brukast som ein reiskap i læreprosessen og bidra til å forbetre opplæringa, jf. forskrift til opplæringslova § 3-11. Eleven skal kjenne til kva som er måla for opplæringa og kva som blir vektlagt i vurderinga av hans eller hennar kompetanse, jf. forskrift til opplæringslova § 3-1. Det betyr at elevane må kjenne til kompetansemåla i læreplanane for faga, og at måla er grunnlaget for vurderinga av eleven sin kompetanse. Dei skal også kjenne til kva læraren legg vekt på når læraren vurderer eit arbeid. Frå og med 8. trinn skal elevane kjenne til kva som skal til for å oppnå dei ulike karakterane. Rektor må organisere skolen slik at det blir sikra at undervisningspersonalet formidlar dette til elevane.

Rektor skal sikre at opplæringa dekkjer alle kompetansemåla på hovedtrinnet / i faget og dei individuelle opplæringsmåla i IOP.

Undervisningspersonalet skal leggje til rette og gjennomføre opplæringa etter LK06, jf. opplæringslova § 2-3 og forskrift til opplæringslova § 1-1. For faga i grunnskolen er kompetansemåla sett per hovedtrinn. Rektor må sikre at elevane får opplæring i alle kompetansemåla i faget / på hovedtrinnet gjennom opplæringsløpet. Ein elev som får spesialundervisning, kan ha unntak frå kompetansemåla i dei ordinære læreplanane, jf. opplæringslova § 5-5. Gjeldande opplæringsmål for eleven skal komme fram av ein individuell opplæringsplan (IOP). Skolen må sikre at eleven si opplæring dekkjer dei individuelle opplæringsmåla.

Alle elever som har vedtak om spesialundervisning, skal ha IOP.

Skolen skal utarbeide ein individuell opplæringsplan (IOP) for alle elevar som får spesialundervisning, jf. opplæringslova § 5-5. Det må komme fram av IOP-en kva tidsintervall den gjeld for.

IOP-en skal samsvare med enkeltvedtaket når det gjeld innhaldet i opplæringa og synleggjere eventuelle avvik frå LK06.

IOP-en skal vise mål for og innhaldet i opplæringa og korleis opplæringa skal gjennomførast, jf. opplæringslova § 5-5. Reglane for innhald i opplæringa gjeld så langt dei passar for spesialundervisninga. Det kan føre til at måla for opplæringa har avvik frå kompetansemåla i læreplanane i LK06.

Før skolen/skoleeigar gjer eit enkeltvedtak om spesialundervisning, skal PPT utarbeide ei sakkunnig vurdering. Den sakkunnige vurderinga skal gi tilråding om innhaldet i opplæringa, blant anna realistiske opplæringsmål for eleven og kva opplæring som gir eleven eit forsvarleg opplæringstilbod. Vedtaket om spesialundervisning skal byggje på den sakkunnige vurderinga, og eventuelle avvik frå denne må grunnjevast. Vedtaket om spesialundervisning set fast rammene for opplæringa og dermed innhaldet i IOP-en. IOP-en kan først takast i bruk etter at det er fatta vedtak om spesialundervisning.

IOP-en må ha eigne mål for opplæringa når eleven si opplæring avviker frå ordinære læreplanar, og skolen må ha ein innarbeida framgangsmåte for å sikre at IOP-en er samordna med den ordinære opplæringa etter klassen sine planar.

Reglane om innhald i opplæringa etter kompetansemåla i læreplanane gjeld for spesialundervisning så langt dei passar, jf. § 5-5 i opplæringslova. Skolen skal leggje vekt på utviklingsmoglegheitene for eleven og dei opplæringsmåla som er realistiske innanfor det same totale undervisningstimetallet som for andre elevar, jf. opplæringslova § 5-1. Den individuelle opplæringsplanen skal vise måla for opplæringa, jf. opplæringslova § 5-5. Dersom vedtaket om spesialundervisning ikkje inneheld avvik frå LK06, eller berre angir færre kompetansemål i eit fag enn i den ordinære læreplanen, må dette også kome klart fram i IOP-en. Det må også kome klart fram i kva fag eller delar av fag eleven eventuelt skal følgje ordinær opplæring i klassen. Skolen må ha ein framgangsmåte som angir korleis spesialundervisninga og den ordinære opplæringa skal sjåast i samanheng. Framgangsmåten må vere kjent og innarbeida av dei som har ansvaret for å utvikle IOP-en og for å gjennomføre opplæringa.

2.2 Våre undersøkingar

Rektor og faglærarar i KRLE, samfunnsfag og matematikk har fylt ut eigenvurderingsskjema (EVS) i ReFlex der dei grunnjev kvifor dei meiner at dei oppfyller, eventuelt ikkje oppfyller kravet til opplæring og elevvurdering gjennom vedlagt dokumentasjon. Desse, saman med plandokument, rutinar, dokumentasjon knytt til spesialundervisning, særskilt språkopplæring og intervju, dannar grunnlaget for våre vurderingar og konklusjonar.

2.3 Våre vurderingar og konklusjonar

Rektor seier både i EVS og intervju at alle faglærarane skal utarbeide årsplanar som skal godkjennast av leiinga innan utgangen av september månad. Elevane skal ved skolestart bli gjort kjende med kompetansemål i dei ulike faga. Dette går mellom anna og fram av dokumentet «Årshjul for sjekk av læringsutbytte». Faglærarane har lagt ved døme på års-, periode- og målplanar som viser kompetansemål, læremiddel, og i ulik grad delmål og vurderingskriterium for fleire fag. Fylkesmannen forstår det slik at årsplanar blir utvikla på alle trinn. Dette inneber at kravet til at rektor skal sikre at innhaldet i opplæringa er knytt til kompetansemål, og at alle mål blir dekt i løpet av hovudtrinnet, er innfridd. Det er vidare eit krav at rektor skal sikre elevane sin rett til å kjenne til mål for opplæringa, og kva det blir lagt vekt på i vurderinga av deira kompetanse. Nokre av periode- og målplanane har også oppgitt vurderingskriterium som læraren skal vurdere elevane sin kompetanse etter. Vi legg til grunn at planane vi har fått, blir gjort tilgjengelege for elevane.

De har sendt inn 3 elevsaker for elevar som får spesialundervisning. Elevsakene inneheld pedagogiske rapportar, sakkunnige vurderingar, vedtak, individuelle opplæringsplanar og årsrapportar. Vedtaka bygger på sakkunnig vurdering frå PP-tenesta og er i samsvar med desse. Det kjem også fram av intervju at rektor sender kopi av alle enkeltvedtaka til spespedkoordinator og kontaktlærer så snart dei er fatta. Spespedkoordinator har ansvar for å følgje opp og sikre at det blir utarbeida IOP. Dette er også omtalt i dokumentet «Velkommen til Tysvær kommune». I dokumentet «Kva gjer ein i dei ulike rollane ved skulen vår?» står det at spespedkoordinator har ansvar for rådgiving og kvalitetssikring i arbeidet med IOP og årsrapportar, og at rektor skal godkjenne IOP-ane før dei blir sende heim og til PPT. Vi konkluderer med at det blir utarbeida IOP for alle elevar som har vedtak om spesialundervisning.

Ut frå kravet om at rektor skal sikre at elevane blir gjort kjent med grunnlaget for vurdering, konkluderer vi med at dette er oppfylt, basert på dei rutinane og systema skolen har for å leggje til rette for på dette. Basert på opplysingar i EVS, intervju og dokumentasjon, vurderer vi likevel at det er nokre svakheiter i vurderingsgrunnlaget og utvikling av kriterium, noko vi kjem attende til og grunngjev nærare i kapittel 4.

Det er eit lovkrav at innhaldet i IOP skal vere i samsvar med enkeltvedtaket, og synleggjere eventuelle avvik frå LK06. I alle sakene vi har fått tilsendt er det samsvar mellom vedtaka og elevane sin IOP. Skolen har sendt inn Tysvær kommune sin IOP-rettleiing som er gjeldande for skolane i kommunen. Her kjem det fram at IOP skal innehalde ei konkretisering av dei realistiske opplæringsmåla som er fastsett i vedtaket. Det kjem også fram av intervju at skolen har ein prosess knytt til utarbeidinga av IOP og at spespedkoordinator godkjenner desse etter at dei er laga. Spespedkoordinator har ansvar for å sikre at det er ein god samanheng mellom sakkunnig vurdering, vedtak og IOP, og det blir stilt krav om at IOP-ane skal vere gode og ha tydelege mål, sjølv om eleven skal følgje ordinære mål for trinnet.

Det er også eit lovkrav at skolen må ha ein innarbeida framgangsmåte for å sikre at IOP-en er samordna med den ordinære opplæringa og klassen sine planar. På Tysværvåg er kontaktlærar

ansvarleg for å utarbeide IOP, jf. det som står over. Det kjem fram av intervju og EVS at skolen har som mål at elevar med spesialundervisning i størst mogleg grad skal få opplæringa si i klassen og at IOP skal stå i forhold til klassen sine halvårsplanar. Skolen viser til kommunen sin «IOP-rettleiar» der det ikkje kjem fram at IOP skal sjåast i samanheng med den ordinære opplæringa i klassen. Vi har i etterkant av tilsynet fått tilsendt *Rettleiing til individuell opplæringsplan Tysvær kommune og Tysværvåg barne- og ungdomsskule* der det nå er lagt inn i rutinen at IOP skal sjåast i samanheng med den ordinære opplæringa i klassen. Vår konklusjon er at skolen nå har ein innarbeidd framgangsmåte for å samordne IOP med den ordinære opplæringa.

Vår konklusjon

Rektor sikrar

- at undervisningspersonalet knyter innhaldet i opplæringa til kompetansemål i det einskilde faget
- at undervisningspersonalet tek i vare elevane sin rett til å kjenne til mål for opplæringa
- at elevane blir gjort kjende med kva som blir vektlagt i vurderinga av deira kompetanse
- at opplæringa samla dekkjer alle kompetansemåla på hovudtrinnet i faget og individuelle opplæringsmål i IOP

Tysværvåg barne- og ungdomsskule

- utarbeider kvart år IOP for alle elevar som har vedtak om spesialundervisning
- sikrar at det er samsvar mellom innhaldet og omfanget av spesialundervisninga i enkeltvedtaka og dei individuelle opplæringsplanane
- har ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at IOP-en er samordna med planane i den ordinære opplæringa.

3 Undervegsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte

3.1 Rettslege krav

Nedanfor har vi oppgitt dei rettslege krava for tilsynet med skolen sitt arbeid med undervegsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte av opplæringa. Vi viser også til kva reglane i opplæringslova og/eller i forskrift til opplæringslova krava er knytte til.

Elevane skal få rettleiing i kva kompetansemål frå LK06 eller mål i IOP-en som opplæringa er knytt til.

Elevane skal gjerast kjende med måla for opplæringa, jf. forskrift til opplæringslova § 3-1. Dette gjeld for alle årstrinn og gjeld også for elevar med individuelle mål i ein IOP. Elevane skal gjerast i stand til å forstå kva dei skal lære og kva som er føremålet med opplæringa. Lærarane gjennomfører opplæringa og må kommunisere måla til elevane.

Elevane skal få rettleiing i kva det blir lagt vekt på i vurderinga i faget.

Eleven skal kjenne til kva som blir vektlagt i vurderinga av hans eller hennar kompetanse, jf. forskrift til opplæringslova § 3-1. Det betyr at elevane skal kjenne til kva som kjenneteiknar ulik grad av kompetanse og kva det blir lagt vekt på i vurderinga av ein prestasjon. Kravet til at det skal vere kjent for eleven, inneber at lærarane må kommunisere grunnlaget for vurderinga til elevane. Det er ikkje tilstrekkeleg at informasjonen ligg på Internett eller kan fåast ved å spørje læraren.

Elevane skal få tilbakemeldingar på kva dei meistrar, og rettleiing i kva dei må gjere for å auke kompetanse sin.

Vurderinga undervegs i opplæringa skal gi god tilbakemelding og rettleiing til eleven og vere eit reiskap i læreprosessen, jf. forskrift til opplæringslova §§ 3-2 og 3-11. Undervegsvurdering skal bidra til at eleven aukar kompetansen sin i fag, jf. forskrifta § 3-11. Undervegsvurderinga skal gis løpande og systematisk, den kan både være skriftleg og munnleg, skal innehalde grunnleggjande informasjon om kompetansen til eleven og skal gis med sikte på fagleg utvikling.

Elevane skal involverast i vurderinga av eige læringsarbeid.

Elevane skal delta aktivt i vurderinga av eige arbeid, eigen kompetanse og eigen fagleg utvikling, jf. forskrift til opplæringslova § 3-12. Lærarane må sørge for at elevane blir involvert i dette. Elevane si eigenvurdering skal vere ein del av undervegsvurderinga.

Elevane skal frå og med 8. årstrinn få halvårsvurdering midt i opplæringsperioden i alle fag og på slutten av opplæringsåret i fag som ikkje er avslutta. Skolen må ha ein innarbeida framgangsmåte som sikrar at lærarane i halvårsvurderinga gir informasjon om elevane sin kompetanse i faga og rettleiing om korleis elevane kan auke kompetansen sin.

Halvårsvurdering i fag er ein del av undervegsvurderinga og skal uttrykkje kompetansen til eleven knytt til kompetansemåla i læreplanverket, jf. forskrift til opplæringslova § 3-13.

Halvårsvurdering skal også gi rettleiing i korleis eleven kan auke kompetansen sin i faget.

Halvårsvurdering utan karakter skal elevane få gjennom heile grunnopplæringa. Dette gjeld alle elevar uavhengig av vedtak og type opplæring. Vurderinga kan vere både skriftleg og munnleg.

Frå og med 8. årstrinn skal halvårsvurdering både med og utan karakter gjennomførast midt i opplæringsperioden og på slutten av opplæringsåret dersom faget ikkje blir avslutta.

Halvårsvurderinga med og utan karakter viser då den same kompetansen.

Skolen må gjennomføre halvårsvurderingar på rett tidspunkt og ha ein innarbeida framgangsmåte som er i samsvar med forskrifta.

Skolen må ha en innarbeida framgangsmåte som sikrar at årsrapporten inneheld ei vurdering av eleven si utvikling ut frå måla i IOP-en.

For elevar med spesialundervisning skal skolen, i tillegg til halvårsvurdering med og utan karakter, ein gong i året utarbeide ein skriftleg rapport. Rapporten skal blant anna gi vurdering av eleven si utvikling i forhold til måla i IOP, jf. opplæringslova § 5-5.

Skolen må ha en innarbeida framgangsmåte som sikrar at årsrapportar har eit innhald som er i samsvar med forskrifta.

3.2 Våre observasjonar

Funn, slik dei blir omtalt i neste avsnitt, byggjer på dokumentasjon som er nemnt under 3.2.

3.3 Våre vurderingar og konklusjonar

Vi har ut frå intervju og svar med dokumentasjon i EVS eit klart inntrykk av at opplæringa er knytt til måla i læreplanane, og at elevane blir informert om kompetansemåla og lokale læringsmål. Samanhengen mellom kompetansemål og læringsmål, er i stor grad tilstrekkeleg klar. Med dette meiner vi at læringsmåla viser til tilsvarande kompetanse som måla i læreplanen. Vi ser nokre døme på målplanar som nyttar omgrepet kompetansemål for lokale læringsmål. Her vil vi peike på at ordet kompetansemål berre skal nyttast om måla slik dei står i læreplanane. Bruk av vurderingskriterium eller kjenneteikn på måloppnåing varierer i dei ulike fag. I dei faga vi har døme på, kan det sjå ut til at det i varierende grad ligg ei taksonomisk tanke til grunn for kjenneteikna. Dette inneber at ein vurderer den same kompetansen hos eleven, uavhengig av kva for kompetansemål opplæringa og vurderinga er knytt til. Vi vil streke under at kva for kunnskap eleven skal vise, og korleis denne skal kome til uttrykk, er klart uttalt i sjølve kompetansemålet. Kva for kunnskap målet skildrar, og verbet som viser korleis kunnskapen skal bli vist eller nytta, set ei ramme for kva krav faglærer kan sette til høgste karakter. Til dømes er det slik at viss kravet til høg måloppnåing alltid er å *Kunne fagstoffet godt og se mulige sammenhenger til andre emner innen faget og nærliggende fagområder. Kunne trekke egne slutninger ut fra innlært kunnskap. Ha evne til å abstrahere ut fra økt kompetanse og være i stand til å vurdere egen kompetanse i forhold til ønsket måloppnåelse.* (frå dokumentet «Vurderingskriterier»), er dette eit for strengt krav viss måla frå læreplanen til dømes er

- *gjøre rede for trekk ved historie og geografi i Storbritannia og USA*
- *drøfte ulike typer engelskspråklige litterære tekster fra engelskspråklige land (frå K06 under Kultur, samfunn og litteratur)*

Krav til kunnskapsinnhald og ferdigheit varierer i dei ulike måla, og har ulik grad av kompleksitet. Dette må faglærer ta omsyn til i utarbeidinga av kjenneteikn.

Elevane får tilbakemelding på eiga kompetanse, og dei får rettleiing for å forbetre denne. Det er varierende praksis i dei ulike faga. Nokre gir skriftlege eller grafiske tilbakemeldingar, medan andre i større grad gjer dette munnleg. Også her vil vi peike på at elevane skal ha tilbake- og framovermelding basert på kompetanse etter måla i læreplanane.

Elevane skal bli involvert i vurdering av eget læringsarbeid. Dei skal vurdere eigen kompetanse etter dei same kriteria som lærar. Vi har fått nokre døme på skjema for eigenvurdering. Skolen må i større grad sørge for at kjenneteikna knytast nærare til sjølve måla i læreplanen. Desse utgjer ein heilskap av kompetansen, noko det er viktig å ha eit bevisst forhold til om ein vel å utvikle læringsmål, og også i vurderingskriteria.

Skolen skal ha ein innarbeida framgangsmåte som sikrar at elevane frå og med 8. trinn får halvårsvurdering med og utan karakter, og framovermelding med sikte på å utvikle kompetanse. Denne halvårsvurderinga skal skje midt i opplæringsperioden og på slutten av opplæringsåret for fag som ikkje er avslutta. Dokumentet «Årshjul for sjekk av læringsutbytte» seier at perioderapport skal sendast ut på ungdomssteget i oktober og februar, og at utviklingssamtalar skal gjennomførast i desember og i juni. Dette viser rektor og faglærarane til i RefLex, som dokumentasjon på at kravet er oppfylt. Vi har fått døme på perioderapportar som viser kva informasjon som blir gitt til elevane. Årshjulet viser klart og tydeleg kva halvårsvurderinga skal innehalde, når den skal gjennomførast og for kven.

Malen som skolen bruker for IOP, inneheld ei eiga kolonne for evaluering av måloppnåing. Tysvær kommune sin IOP-rettleiar inneheld eit eige punkt om evaluering av IOP. I dei tre IOP-ane vi har mottatt frå førre skoleår, er det gjennomført ei slik evaluering for kvart mål i IOP-en. Intervju og EVS viser at dette er ein innarbeida framgangsmåte ved skolen. Vi finn at årsrapportane inneheld ei vurdering av eleven si utvikling ut frå måla i IOP.

Vår konklusjon

- Lærarane rettleier elevane i kva kompetansemål frå LK06, eller kva mål i individuelle opplæringsplanar, opplæringa er knytt til
- Lærarane rettleier elevane i kva det blir lagt vekt på i faga
- Lærarane gir elevane tilbakemeldingar på kva dei meistarar i faga
- Lærarane rettleier elevane i kva dei må gjere for å auke kompetansen sin i faga
- Lærarane involverer elevane i eige vurderingsarbeid
- Skolen har ein innarbeida framgangsmåte som sikrar at lærarane i halvårsvurderinga gir informasjon om elevane sin kompetanse i faga, og rettleiing i korleis elevane kan auke kompetansen sin
- Skolen har ein innarbeida framgangsmåte som sikrar at årsrapportane inneheld ei vurdering av eleven si utvikling ut frå måla i IOP

4 Undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning

4.1 Rettslege krav

Nedanfor har vi oppgitt dei rettslege krava for tilsynet med skolen sitt arbeid med undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning. Vi viser også til dei reglane i opplæringslova og i forskrift til opplæringslova krava er knytte til.

Skolen må ha ein innarbeida framgangsmåte som sikrar at lærarane systematisk og løpande vurderer om alle elever har tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

Læraren skal, som ein del av undervegsvurderinga, vurdere om den einskilde eleven har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, jf. forskrift til opplæringslova § 3-11. Skolen må ha ein kjent og innarbeida framgangsmåte slik at lærarane systematisk og løpande vurderer om elevane har tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

Skolen må ha en innarbeida framgangsmåte som sikrar at arbeidsmåtar, vurderingspraksis og læringsmiljø blir vurdert for elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, og basert på vurderinga må skolen eventuelt gjennomføre tiltak innanfor tilpassa opplæring. Alle elevar har krav på tilpassa opplæring, jf. opplæringslova § 1-3. Dersom ein elev ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, skal skolen først vurdere og eventuelt prøve ut tiltak innanfor det ordinære opplæringstilbodet, jf. opplæringslova § 5-4. Skolen må sjå på om tiltak knytt til arbeidsmåtar, vurderingspraksis og arbeidsmiljø kan bidra til at eleven får tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Framgangsmåten for dette må være kjent og innarbeida. Dette skal skolen gjere før eleven eventuelt blir tilvist til PPT for ein sakkunnig vurdering med tanke på spesialundervisning.

Skolen må ha ein innarbeida framgangsmåte for å vurdere om elevane har behov for spesialundervisning og sikre at lærarane melder behov for spesialundervisning til rektor. I nokre tilfelle vil skolen si vurdering og utprøving av tiltak etter opplæringslova § 5-4 konkludere med at eleven ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av opplæringa innanfor det ordinære opplæringstilbodet. Eleven har då krav på spesialundervisning, jf. opplæringslova § 5-1. Det er viktig at prosessen for å kunne gi spesialundervisning blir starta så snart som mogleg etter at behovet for dette er avdekket. Undervisningspersonalet har derfor både plikt til å vurdere om ein elev treng spesialundervisning og å melde frå til rektor når det er behov for det, jf. opplæringslova § 5-4. Skolen må ha ein framgangsmåte som er kjent og innarbeida blant lærarane slik at dei vurderer og melder behov for spesialundervisning.

4.2 Våre observasjonar

Svar på spørsmåla knytte til dette hovudområdet er henta frå innsendt dokumentasjon, EVS og intervju. Sjå punkt 3.2.

4.3 Våre vurderingar og konklusjonar

Det sentrale her er om skolen har eit forsvarleg grunnlag for å vurdere om alle elevane har eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa. De har lagt fram «Årshjul for sjekk av læringsutbytte ved Tysværvåg skole» som viser kva kartleggingar, testar og prøver skolen gjennomfører. Årshjulet viser også kva tid kartleggingane skal gjennomførast på dei ulike trinna. I tillegg blir resultatane frå kartleggingane lagt inn i Vokal der rektor kan kontrollere at dei er gjennomførte og sjå resultatane. Intervju bekreftar at leiinga ved skolen har eit jamleg trykk på dette. Våre funn viser at skolen har ein innarbeida framgangsmåte som sikrar at lærarane systematisk og løpande vurderer om alle elevar har tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

«Handlingsplan for tidlig innsats og etterarbeid Nasjonale prøver» viser at resultatane blir drøfta i personalgruppa og i skolen sitt ressursteam. Intervju stadfester at lærarar som har elevar under kritisk grense, drøftar resultat og kva tiltak som skal setjast i verk i ressursteamet på skolen. I dette arbeidet bruker skolen ein «Fagleg /sosial tiltakslogg» der ein beskriver problemområdet, kva tiltak som skal setjast i verk og evaluering av desse. I intervju kjem det også fram at lærarane vurderer eigne arbeidsmåtar og vurderingspraksis før dei tar kontakt med spespedkoordinator og ressursteamet. Det blir opplyst at det i praksis er kort veg mellom

resultat av kartlegging og tiltak. Vi finn at skolen har ein innarbeida framgangsmåte der arbeidsmåtar, vurderingspraksis og læringsmiljø blir vurdert for elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, og skolen på bakgrunn av denne vurderinga gjennomfører tiltak innanfor tilpassa opplæring.

Som vist ovanfor har skolen ein innarbeida praksis med å vurdere resultata på kartleggingane i ressursteamet. Etter at skolen har henta inn samtykke frå foreldra blir saka drøfta med PPT. Skolen har ein eigen kontaktperson hos PP-tenesta og rektor/inspektør er med på møta både med PPT og i ressursteamet. Vår konklusjon er at skolen har ein innarbeida framgangsmåte for å vurdere om elevane har behov for spesialundervisning og som sikrar at skoleleiinga/rektor blir involvert på eit tidleg tidspunkt.

Vår konklusjon

Tysværåvåg barne- og ungdomsskule

- har ein innarbeida framgangsmåte som sikrar at lærarane systematisk vurderer om alle elevane har tilfredsstillande utbytte av opplæringa
- har ein innarbeida framgangsmåte som sikrar at arbeidsmåtar, vurderingspraksis og læringsmiljø blir vurdert for elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, og gjennomfører tiltak innanfor tilpassa opplæring basert på vurderinga.
- har ein innarbeida framgangsmåte for å vurdere om elevane har behov for spesialundervisning og sikrar at lærarane melder behov for spesialundervisning til rektor.

5 Vurdering av behov for særskilt språkopplæring

5.1 Rettslege krav

Nedanfor har vi oppgitt dei rettslege krava for tilsynet med skolen sitt arbeid med å vurdere behov for særskilt språkopplæring. Vi viser også til reglane i opplæringslova og i forskrift til opplæringslova krava er knytte til.

Skolen må ha ein innarbeida framgangsmåte for å kartleggje elevane sine ferdigheiter i norsk. For elevar med behov for særskilt norskopplæring må ein innarbeida framgangsmåte sikre at det blir vurdert om eleven også har behov for morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring.

Elevar i grunnopplæringa med anna morsmål enn norsk og samisk, har rett til særskilt norskopplæring til dei har tilstrekkelege ferdigheiter i norsk til å følge den ordinære opplæringa på skolen, jf. opplæringslova § 2-8. Om nødvendig har elevane også rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar. Skoleeigar har ansvaret for at kartlegginga av elevane sine norskferdigheiter blir gjort før vedtaket om særskilt språkopplæring. I dei fleste tilfelle er det skolen som gjennomfører kartlegginga. Skolen må også vurdere om eleven eventuelt har behov for morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar. Skolen må ha ein kjent og innarbeida framgangsmåte som sikrar dette.

Elevar med vedtak om særskilt språkopplæring skal få kartlagt sine norskferdigheiter undervegs i opplæringa.

Skolen skal også kartleggje eleven undervegs i opplæringa når eleven får særskilt språkopplæring, jf. opplæringslova § 2-8. Dette for å vurdere om eleven har tilstrekkelege ferdigheiter i norsk til å følge den vanlege opplæringa på skolen. Skolen må gjere ei individuell vurdering av tidspunktet for dette.

5.2 Våre observasjonar

Fylkesmannen baserer vurdering og konklusjon på innsendte planar, særleg «Rutineoversikt – minoritetsspråklege elevar», vedtak og intervju.

5.3 Våre vurderingar og konklusjonar

Etter det vi har fått opplyst får nykomne minoritetsspråklege elevar som kjem til Tysvær kommune tilbod om særskilt opplæringstilbod på Frakkagjerd ungdomsskole eller Førre skole, avhengig av kva årstrinn dei skal begynne på. Alle minoritetsspråklege som kjem til kommunen blir registrert og får ein velkomstsamtale, enten av koordinator for minoritetsspråklege eller av rektor ved den einskilde skolen. Elevane sin kompetanse blir kartlagt breitt, i norsk, morsmålet, matematikk, og i det latinske alfabet. Kompetanse frå tidlegare skolebakgrunn blir også kartlagt. Elevane får så eit opplæringstilbod tilpassa deira føresetnader og behov, med heile eller delar av opplæringa i særskilte tilbod. Elevane kan få alle tre variantane av særskilt språkopplæring, basert på behov. Kompetanse til å kartlegge er på skulane, med rettleiing/kartlegging av koordinator viss det trengst. Elevane blir kartlagd jamleg med ulike kartleggingsverktøy tilpassa eleven sin alder. Kommunen har nytta rettleiing frå Johannes læringscenter i Stavanger og vil i det komande året få rettleiing og kompetanseheving frå FBU i Sandnes. Vi vurderer at Tysvær kommune har eit godt tilbod for minoritetsspråklege elevar.

Vår konklusjon

Tysværvåg barne- og ungdomsskule

- har ein innarbeida framgangsmåte for å kartleggje elevane sine ferdigheiter i norsk
- sikrar at det for elevar med behov for særskilt norskopplæring er ein innarbeida framgangsmåte der det blir vurdert om eleven også har behov for morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring
- har ein rutine som sørgjer for at elevar med vedtak om særskilt språkopplæring får kartlagt sine norskferdigheiter undervegs i opplæringa

Del 2

6 Skolebasert vurdering

6.1 Rettslege krav

Nedanfor har vi oppgitt og utdjupa dei rettslege krava for tilsynet med skolebasert vurdering. Alle dei rettslege krava byggjer på forskrift til opplæringslova § 2-1.

Skolen skal velje tema for den skolebaserte vurderinga basert på ei brei og samla vurdering av om elevane når måla i læreplanverket (LK06).

Skolen skal jamleg vurdere i kva grad organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa bidrar til å nå måla i Læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK06), jf. forskrift til opplæringslova § 2-1. I vurderinga må derfor skolen samanhalde resultatet av opplæringa med dei mål og prinsipp som er formulert i læreplanverket. Denne vurderinga skal alltid, direkte eller indirekte, sikte mot å fremje elevane si utvikling og utbytte av læringa.

Som første del av å gjennomføre ei skolebasert vurdering, må skolen etablere eit kunnskapsgrunnlag som reflekterer breidde av mål i læreplanverket. Kunnskapsgrunnlaget må byggje på kjelder som gir resultat frå faglege mål, og frå mål som omfattar elevane sin trivsel og utvikling på andre områder enn dei faglege. I tillegg til eigne kjelder har skolane tilgang til fleire nasjonale kjelder i Skoleporten, til dømes Elevundersøkinga.

Når skolen har fått eit breitt kunnskapsgrunnlag, må dei bruke dette til å gjere ei samla vurdering av i kva grad elevane når måla for opplæringa på ulike område. Dette skal gi skolen eit grunnlag til å reflektere og analysere heilskapleg i kor stor grad elevane på skolen har nådd måla i læreplanverket.

Basert på denne refleksjonen må skolen velje tema for den skolebaserte vurderinga. Skolen skal sjå på område kor dei vurderer at endringar i organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa, kan fremje elevane si utvikling og utbytte av opplæringa. Det vil seie endringar som kan auke elevane si måloppnåing. Val av tema må over tid ivareta breidda av mål for opplæringa.

Skolen skal vurdere om endringar i organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa kan bidra til auka måloppnåing hos elevane i det valde temaet.

Den skolebaserte vurderinga skal identifisere kva endringar som best kan auke måloppnåing for elevane innanfor det skolen har valt å sjå på i vurderinga. Måloppnåinga siktar her til alle måla i læreplanverket som inngår i det valde temaet, og ikkje berre faglege mål.

I kravet ligg det at skolen må vurdere endringar innanfor ulike rammer for opplæringa, og i utgangspunktet ikkje berre velje å sjå på ein type tiltak. Endringar skolen kan vurdere, er nye tiltak som for eksempel oppstart av eit utviklingsarbeid. Skolen kan også vurdere om vidareføring av det som skolen alt gjer, er det beste. Skolen må vurdere endringane på

systemnivå for heile skolen, sjølv om konsekvensane av endringane i nokre tilfelle primært vil vise seg for enkelte klassar eller for enkelte fag.

Skolen skal følgje opp dei endringane som eventuelt kjem fram til i den skolebaserte vurderinga.

Føremålet med den skolebaserte vurderinga er å sørge for at skolen lærer og utviklar seg slik at elevane i enda større grad kan nå breidda av mål i læreplanverket. Når skolen gjennom vurderinga avdekkjer forbetningsområde, må skolen følgje dette opp. Endringane kan både vere at skolen set i verk nye einskilde tiltak, eller at dei startar eit utviklingsarbeid. Skolen kan også kome fram til at dei berre vil oppretthalde og eventuelt forsterke det dei allereie gjer. I nokre tilfelle kan aktuelle endringar eller tiltak vere slik at det er nødvendig med en dialog med skoleeigar, før tiltaka eventuelt blir sett i verk.

Skolen skal ha ei brei og representativ medverknad i arbeidet med skolebasert vurdering.

I ordet «skolebasert» ligg det at vurderinga må involvere alle involverte partar på skolen, både i analysen og i arbeidet med endringar og tiltak på bakgrunn av analysen. Gjennom vurderinga blir personalet medvitne om samanhengen mellom korleis opplæringa blir gjennomført og i kva grad elevane når måla. Lærarane vil dessutan vere sentrale i å gjennomføre dei fleste endringstiltaka. Å involvere lærarane er derfor viktig for at eventuelle tiltak skal lykkast. Skolen vurderer kven som skal delta ut frå aktuelt tema. Å involvere elevane er aktuelt i mange tema.

Skolen skal gjennomføre skolebasert vurdering jamleg.

Den skolebaserte vurderinga må utførast i samsvar med forutsetninga, jf. dei føregåande krava til gjennomføringa av vurderinga. Skolen skal gjennomføre skolebasert vurdering jamleg, jf. forskrift til opplæringslova § 2-1. I utgangspunktet bør vurderinga gjennomførast årleg, men tidsbruk må vurderast opp mot det forsvarlege og ut frå eit lokalt skjønn.

6.2 Våre observasjonar

Grunnlaget for våre vurderingar er dokumenta «Strategiplan 2016-2020 Kompetanse for livsmeistring», «Plan for eit trygt psykososialt miljø i Tysvær kommune», «Styringsdialogen 2017» med program og referat, «Handlingsplan for arbeid med VFL» fram til 23.01.17, «Action plan TBU våren 2017», «Årshjul for kartlegging av læringsutbytte Tysværvåg barne- og ungdomsskule», «Velkommen som tilsett ved Tysværvåg barne- og ungdomsskule», «Fokusområde i tråd med Vurdering for læring» - «Skolevandring, Slik gjer me det på Tysværvåg», «Ståstedsanalysen 2017», EVS frå rektor, lærarar og skoleeigar og intervju.

6.3 Våre vurderingar og konklusjonar

Dokumentasjonen viser at skolen si leiing, ved rektor, inspektør og spes.ped. koordinator, innhentar ulik dokumentasjon om elevane sitt utbytte av opplæringa. Innsendt dokumentasjon og intervju viser at skolen bruker dette kunnskapsgrunnlaget i ei vurdering av i kor stor grad elevane når måla i opplæringa. Leiinga og lærarane bruker jamleg kunnskapen for å tilpasse og eventuelt endre praksis, med målet om å auke læringsutbytte for elevane.

Skolevandring er ei kommunal satsing og Tysværvåg barne- og ungdomsskule er i ferd med å implementera dette som system. Skolen har tradisjon med «Lessons Study» og kollegarettleing som verktøy for å forbetra den pedagogiske praksisen. Ved å ta i bruk skolevandring kjem leiinga tettare på praksis. Leiinga meiner skolevandring er nyttig som verktøy i den skolebaserte vurderinga. I tillegg har rektor jamlege møtepunkt med elevane som gir nyttig informasjon i dette arbeidet. Til dømes har elevrådet gitt tilbakemelding om at undervisninga må bli meir praktisk og variert.

Tilbakemeldingar frå elevane og foreldra blir brukt for å analysera skolen sin ståstad. Desse tilbakemeldingane er med å gi retning for val av utviklingsprosjekt. Eit døme på dette er at rektor set saman resultatane frå Elevundersøkinga, Spekter, og ulike prøveresultat. Desse blir presentert og drøfta med elevar og foreldra. Dette arbeidet blei til dømes gjort ved gjennomføringa av Læringsmiljøprosjektet.

Styringsdialogen med skoleeigar viser tydeleg at skolen sine resultat er utgangspunkt for drøfting og refleksjon. Endringar og tiltak blir evaluert og følgt opp i personalet. Det er brei medverknad i dette arbeidet, og vurderinga blir gjort med jamne mellomrom.

Vi vurderer at skolen sitt kunnskapsgrunnlag om elevane sitt utbytte av opplæringa ikkje åleine ligg til grunn for val av satsingsområda ved skolen. Dokumentasjon og intervju viser at val av utviklingsområde i stort utstrekning blir gjort av skoleeigar. Dette er ein sentral strategi frå skoleeigar som gjer at utviklingsarbeidet ved skolane i Tysvær kommune har det same tema. I Strategiplanen står det at skolane skal ta utgangspunkt i denne planen når dei utarbeider eigen årleg utviklingsplan. Det kjem i tillegg fram av referatet frå Styringsdialogen 14.06.2017, svar i EVS og intervju at skolen si leiing formidlar kunnskap om elevane sitt læringsutbytte til skolesjefen. Vi meiner derfor at val av utviklingstema for Tysværvåg barne- og ungdomsskule er gjort i dialog med og etter avtale med skoleeigar.

Vi ser at satsingsområda er relevante for god skoleutvikling, og dei er basert på forskning. I tillegg ligg resultat frå nasjonale prøver og Elevundersøkinga til grunn for val av satsingsområde i Tysvær kommune, jf. Strategiplan. Dei aktuelle satsingsområda byggjer på tidlegare satsingar som Tysvær barne- og ungdomsskule har arbeida med. Skolen var til dømes godt i gang med «Vurdering for læring» då dette blei eit satsingsområde for heile kommunen. VFL peika seg ut som ei utfordring med bakgrunn i resultat i Ståstadsanalysen tatt i 2015.

Vi stiller likevel spørsmål ved om kommunale føringar avgrensar den skolebaserte vurderinga ved Tysværvåg barne- og ungdomsskule. Når skoleeigar gir så klare styringsinstruksjer, kan det bli mindre rom for å velje satsingsområde basert på skolen sine egne behov og område for forbetring. Medverknad kan også bli svakare når avgjersla er tatt på kommunenivå.

Vår konklusjon

Tysværvåg barne- og ungdomsskule

- har eit etablert kunnskapsgrunnlag som reflekterer dei ulike måla i læreplanverket
- gjennomfører ei brei og samla vurdering av om elevane når måla i læreplanverket

- vel tema for den skolebaserte vurderinga basert på ei brei og samla vurdering av om elevane når måla i læreplanverket (LK06)
- vurderer om endringar i organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa kan bidra til auka måloppnåing hos elevane i det valde temaet
- følgjer opp dei endringane som kjem fram i den skolebaserte vurderinga
- har medverknad i arbeidet med skolebasert vurdering
- gjennomfører skolebasert vurdering jamleg

7 Ingen pålegg om retting

Etter at Fylkesmannen har mottatt ny dokumentasjon, finn vi at Tysværvåg barne- og ungdomsskule nå etterlever regelverket på alle områda i tilsynet. Tilsynet med Tysværvåg barne- og ungdomsskule blir dermed avslutta.

Hilde Folkvord Juul
tilsynsleiar

Una Bjørnseth Haugen
rådgivar

Randi Bjørkås
rådgivar

Vedlegg: Liste over dokumentasjon

- Eigenvurderingar, svar i Reflex
- Eigenvurdering av skolens praksis (ståstadanalyse)
- Handlingsplan 2017 – 2019
- Styringsdialogen 14.06.17 (referat)
- Program for styringsdialogen våren 2017
- Innkalling og plan for dialogmøte, datert 14.06.17
- Rapport frå eksternt skolevurdering, Tysværvåg barne- og ungdomsskule
- Møteplan fellestid (onsdagstid) 2016 – 2017
- Vurderingskriterier for måloppnåing
- Årshjul for sjekk av læringsutbytte ved Tysværvåg barne- og ungdomsskule
- Perioderapportar Tysværvåg barne- og ungdomsskule
- IOP-rettleiing Tysværvåg barne- og ungdomsskule
- Årsplan engelsk 2016-2017
- Målplan Brilliant
- Eigenvurdering for måloppnåing
- Eigenvurdering av periodeplan
- Vurderingsskjema tentamen
- Kjenneteikn på måloppnåing
- Skjema for eigenvurdering
- Munnleg høyring elevvurdering
- Presentation of my fantas
- Vurderingsskjema. My fantasy...
- Vurderingsskjema tentamen
- IOP-mal Tysvær
- Målplan Excel matematikk
- Periodeplanar
- Stjerneplan vekeplanar
- Årshjul for kartlegging av læringsutbytte
- Årsplan matematikk 8. trinn
- Velkommen som tilsett ved Tysværvåg barne- og ungdomsskule
- Arbeid med psykososialt miljø TBU
- Handlingsplan for vurdering for læring (2016 – jan 2017)
- Rollefordeling på skolen
- Action plan våren 2017 (vurdering for læring)
- Fokusområde i tråd med VFL
- Presentasjonen: Slik gjer vi det på Tysværvåg
- Kartlegging av læringsutbytte, årshjul kartleggingsprøver 1.-10.
- 3 elevsaker med sakkunnige vurderingar, enkeltvedtak, IOP, årsrapport
- Rutineoversikt – minoritetsspråklege elever